



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

Oktober 2021

64. årgang



Mjømna kyrkje i kveldslys (Foto: Sølvi Randal)

**REDAKTØR: Kyrkjeverja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591  
[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282****VIPPS: Gulen kyrkjelydsblad:**

**706144.**

**TRYKKERI:**

**ETN Grafisk, 3701 Skien**

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE****og MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.

[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

[kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og  
fredag kl.08.00-12.00.

[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-  
LESRÅD:**

**Leiar: Kåre Sigurd Krakhella,** tlf.

90075286. [kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**Nestleiar: Mina Cathrin Dahl**

**Andreassen.** Tlf. 92631866

[mina.andreassen@hotmail.com](mailto:mina.andreassen@hotmail.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.**

## Redaksjonen

Hausten er her – etter ein lang og fin sommar. Samfunnet er i ferd med å opne opp etter koronaen. Det merkar vi på innhaldet i bladet – vi kan igjen begynne å planlegge framover. Det er godt!

Neste nr. av bladet kjem i desember, og redaksjonen ønskjer seg eit fyldig og innhaldsrikt julenummer.

Vi er mottakelege for både juledikt, teikningar, kjære julesalmar, juleminne, julenøtter eller kva de no har å by på. Innleveringsfrist: **25.11.**

Vi ønskjer lesarane ein god haust!



## Bladpengar til Gulen kyrkjelydsblad

På midtsidene i dette bladet finn du ein giro for bladpengar.

Kontingenent er fri. Du kan bruke denne giroen, eller du kan sende gåva til kontonr. 3817.15.51282, merka «Kyrkjelydsbladet». Du kan også bruke VIPPS, nr. 706144, til Gulen kyrkjelydsblad.

# Gud ser deg

*Herren skodar ned frå himmelen,  
han ser alle menneske (Salme 33,13)*

Vi er i oktober, og mørket kjem snikande på oss. Vi går mot mørkare tider. Det blir igjen tid for meir lys og innekos.

Noko av det viktigaste vi kan gjere no, er å finne fram refleksen vår. Bruker vi refleks, blir vi sett i mørket. Eg har mange gonger når eg køyrer bil i mørket, opplevd å få hjarta i halsen når det dukkar opp fot-gjengarar utan refleks.

Poenget med refleksen er at vi blir synlege i mørket. Vi blir sett! Det seiest at eitt av dei mest grunnleggende behova vi menneske har, er å bli sett. Vi treng å bli sett, fordi vi er menneske med følelsar.

Bibelverset vårt i dag understrekar at vi har med ein Gud å gjere som ser oss. Han ser oss ikkje berre som ei stor gruppe, men han ser den enkelte av oss.

Han ser deg. Han ser bekymringar, sjukdom, sorg, glede og utfordringar; han ser alt. Han ser livet ditt.

For meg er det noko befridende godt over at Gud ser meg. Han som har skapt meg, ser meg. Han bryr seg, og han er nær meg.

Det står til og med i Bibelen at han ber for oss.

I første kapittel i Johannesevangeliet vers 18 står det at Jesus har vist oss kven Gud er.

Såg Jesus enkeltmenneska?

Les vi i evangelia, ser vi at Jesus hadde eit særleg auge til det enkelte mennesket. Han såg Sakkeus som sat i treet. Han såg kvinna ved brønnen. Han såg den blinde Bartimeus.

Jesus var levande oppteken av det enkelte mennesket.

La deg begeistre over at Gud ser deg. Bli begeistra over at Gud bryr seg om nettopp deg og ditt.

Neste gong du tek på deg refleksen, kan du tenkje på at **Gud ser deg**.

*Olaf Alsaker*

*(Andakt henta frå tidsskriftet Misjon uten grenser. Omsett til nynorsk for Gulen kyrkjelydsblad v/red.)*

Som eit lite à propos til denne andakten, lånar vi eit foto frå Trygg Trafikk, og minner alle om å vere flinke til å bruke refleks i mørketida.



## Konfirmantar i Mjømna kyrkje 5. september



Foto: Wenche M. Natås

Frå venstre: Sokneprest Per Børge Hillestad, Isak August Natås Unneland, Live Areklett og konfirmantlærar Maren Daae Eide.

## Konfirmantar i Gulen kyrkje 19. september

### Foto øvst på neste side.

Framme frå venstre: Amund Bruåsdal Haveland, Alette Leknes, Nora Svaberg, Hannah Aurora Rutledal, Andreas Teigen Wangensten, Aron Wergeland Oppedal og sokneprest Per Børge Hillestad.

Bak frå venstre: Konfirmantlærar Maren Daae Eide, Domonkos Job-

bagy, Lars-Georg Samuelsen og

Brage Birkeland Kjelby.

Daniel Fanebust er ikkje med på dette bildet. Han blei konfirmert i Frøyset kyrkje 26. september.

## Konfirmantar i Brekke kyrkje 26. september

### Foto nedst på neste side.

Frå venstre: Espen Oppedal, Elias Tveit, Elena Sætre Vagstad, Olav Horne, Mathilde Håvåg Wergeland, Vebjørn Hantveit Breidvik og Henning Avedal Hjartholm.



## Salme for konfirmanttida

(Norsk Salmebok nr. 645)

*Tusen stjerner blenkjer.*

*Gud veit tal og namn.*

*Alle heimsens stjerner  
ber han i sin famn.*

*Tusen grasstrå voggar  
for Guds andedrag.*

*Kwart eit grasstrå gav han  
liv av same slag.*

*Før vi kom til verda,  
visste Gud vårt namn,  
og i dåpen tok han  
oss inn i sin famn.*

*Takk, vår Gud og Fader,  
som slik kjærleik ter.*

*Takk at du så trufast  
til din skapning ser.*

## Konfirmantar i Gulen kyrkje 19. september



Foto: Ivar Rutledal

## Konfirmantar i Brekke kyrkje 26. september



Foto: Cathrine Waage Tveit



## Finstolar til Brekke kyrkje

I sommar fekk me to stolar til Brekke kyrkje.

Det er arvingane etter Agnar Asheim og Pauline Haugen Asheim som har gitt oss stolane. Det er Pauline som har laga gyllenlêret på stolane.

Kven som hadde laga stolane, visste dei ikkje.

Det er mykje arbeid å lage gyllenlêr, og me synest at stolane er svært fine. Pauline var fødd i 1931 i Hornindal. Dei budde i Oslo.

Det var Reidun Asheim Langesæter som kom med stolane.

Me takkar for den svært fine gåva!

*For sokneutvalet*

*Olaug Tveit Evensen*

## Haustmesse i Brekke bedehus

Det blir haustmesse i Brekke bedehus **søndag 31. oktober kl. 14.00.**

Valkommen til kafeteria med rømmegrøt, mylse, pølser, vaflar og kaffi m.m.

- Sal av diverse bakevarer, mylse, hjortekjøt m.m.

- Ein runde med loddsal/årar

- Trekking av loddbok

- Ord for dagen

Betaling kan utførast med Vipps eller kontant.

Me er takksame for gåver og gevinstar.

Kontakt Astrid Mundal om du vil gje gevinstar.

Inntekta går til drift og vedlikehald av Bedehuset.

Alle er hjarteleg velkomne!

*Arr. Brekke kr. ungdomslag*





## Temakveld på Brekke bedehus

Det blir temakveld på Brekke bedehus **tysdag 9. november kl. 19.30** v/Per Børge Hillestad. Tema for kvelden: **Johannes' openberring.**

Velkommen til ei god stund med enkel kvelds og undervisning.

Fri inngang.

Gulen kyrkjelege råd/Brekke bedehus

## Johannes' openberring

I samband med temakvelden har vi bedt Per Børge om å kome med nokre tankar omkring temaet han har valt. Han seier det slik:

- Dette blir ein prøve-temakveld om Johannes' openberring. Skal eg vere ærleg, så trivst eg med å gå grundig inn i stoffet, slik ein kan når ein har temakveldar. Sjølvsgart likar eg gudstenestene òg, det er jo berre to ulike formidlingsformer.

Eg er så heldig at eg etter kvart har fått ein del kontaktar i Gulen.

Gjennom samtalar på butikken og som prest i bygda, kjem eg i prat med mange ulike menneske. No i det siste

har eg nemnt for ein del at vi har planar om å gå djupare inn i stoffet i Johannes' openberring, og det har eg fått berre positiv respons på.

Vi håpar no at Koronaen gir seg, noko som gir høve til meir fellesskap over ein kaffikopp.

Johannes' openberring kan verke som ei merkeleg bok for mange.

På den eine sida finst det «bibelresarar» som berre må legge vekk denne delen av Bibelen, fordi teksten verkar så vanskeleg.

På den andre sida har vi dei som vert hekta og ser symbola rundt seg over alt.

Og så er det alle oss andre, som forstår stykkevis og delt. Eg vil ikkje berre formidle kunnskap om denne boka, men prøve å trengje inn i stoffet, sjå linjer i lys av Evangeliet. Eg ynskjer – og har stor tru på – at det er noko å finne for både unge og gamle, uansett forhold til Bibel og kyrkje. Og eg håpar at alle som kjenner at dette er interessant, vil setje av datoén **9. november kl. 19.30**.

Om det viser seg at det er interesse for det, så vil vi setje av fleire kveldar.

Alle er hjarteleg velkomne!

Per Børge



*Eg er Alfa og Omega, seier Herren Gud, han som er og som var og som kjem, Den allmektige. (Joh. op. 1,8)*

**K-HELG PÅ NESHOLMEN -**



for kvinner i alle aldrar

30. - 31. OKTOBER 2021



**Å DELE TRUA**

LATTER - INSPIRASJON - SAMTALAR - ETTERTANKE - KVILE - FELLESSKAP

Velkomen til KFUK-helg på Nesholmen leirstad 30.-31. oktober i år. I år er vi så heldige å få med oss Rigmor Frøyen og Jorunn Gjengedal Knapstad, som på ulike måtar vil dele tankar og refleksjonar over temaet «å dele trua». Det vert sosialt samvær, samtale, misjonsbasar, god mat og mykje meir. Hugs å ta med deg ein gevinst til misjonsbasaren!

Påmelding: *KFUK-KFUM Sogn og Fjordane, Pb 329, 6802 Førde.*

Mobil: 41764312.

## Nytt frå kyrkjeverja

### Fellessamling sokneutvala i Gulen:

Etter mange forsøk, med avlysingar pga. korona, fekk vi endeleg til å møtast! 23.09. møtte 18 personar opp i Mjømna kyrkje for fellesskap og for saman å dele tankar om kva kyrkja i Gulen skal vere framover. Med den organiseringa ein no har, så er det eitt råd, Gulen kyrkjelege råd (GKR) som har det formelle ansvaret, men utan

frivillige som bidreg i Brekke, Gulen og Mjømna, blir det lite aktivitet i kyrkjene! Og no ser det ut til at vi går mot meir normale tider, der vi kan treffast og vere sosiale. Kyrkja i Gulen har fått kr 15 000 i koronamidlar. Desse disponerer sokneutvala til å få i gang att aktivitetar og frivillig arbeid.

### Dugnad:

Overbygget over vasspost og bossdunkar på gravplassen i Gulen trong sårt til ei oppussing, og Åse Haugen, leiar i sokneutvalet i Gulen og medlem i GKR, tok på seg oppgåva saman med mannen Sverre Haveland. Takk for flott innsats, resultatet blei veldig bra!



### Gåver:

Ein anonym gjevar har gitt 20.000 kr til Gulen kyrkje, og i samråd med gjevaren blir det kjøpt inn fleire puter til benkene. Vi takkar så mykje for den flotte gåva, som mange som kjem til kyrkja, vil ha glede av!

## Arbeidet i Gulen kyrkjelege fellesråd:



Foto: Bjarne Thune

- **Rutle gravplass:** I juni var fellesrådet på synfaring, og såg at det er trøng for ei opprusting av gravplassen.

Gjerdet mot utmarka er omrent vekke, og kratt og skog veks innover gravstaden.

Det er no laga ein plan der det i haust skal takast ned tre og busker, og deretter skal det fyllast jord på der det er ujamt inne på gravplassen.

Det gamle gjerdet skal fjernast, det skal opp nytt gjerde som blir sett oppå kanten og ikkje nedi dumpa der det gamle har stått.

Inn mot klokketårnet skal det setjast inn port.

Fellesrådet såg også på om det er råd å opparbeide parkeringsplassar, utan den store kostnaden.

Arbeidet vert igangsett i haust, og noko av arbeidet vert gjort på dagnad.

### ***- Renovering av toalett/bårerom Mjømna:***

Bårehuset er frå 1973, og det trengst ei renovering, særleg av toalettanlegget.

Arbeidet vert igangsett i oktober, og det vil difor verte ein periode der toaletta vert stengde.



Foto: Strilen

### ***- Ny rullestolt tilkomst, Mjømna kyrkje:***

Det vert også arbeidd med ny rullestolt tilkomst i Mjømna kyrkje, og det er utarbeidd teikningar som skal sendast biskopen for tilbakemelding/godkjenning. Den første skissa kom tilbake med kommentarar på føreslegen løysing. Endeleg kalkyle er ikkje klar, og saka kjem tilbake til fellesrådet når ny uttale/godkjenning frå biskopen føreligg.



Foto: Strilen

### ***- Brekke gravplass:***

På Brekke gravplass, nedre del, vil det bli teke ein runde med beskjering og fjerning av busker slik at det både blir penare, men også lettare å slå til neste sesong. Og gravminna som står inntil kanten, får meir lys og mindre lauv og rusk frå trea rundt.

*Ingunn Sognnes*

# **Velkommen til samlingar på Byrknes bedehus**



Foto: Fylkesarkivet

Endeleg er det råd å samlast til felles aktivitetar der fleire alderstrinn kan vere i lag. På bedehuset prøver me å starte opp med samlingar for barn og unge.

**Barneforeining** er eit tilbod for barn frå ca. 3 år og oppover, der mor, far, besteforeldre eller eldre søsken kan bli med dei minste på samlinga, som er **annankvar tysdag kl. 17.00-18.30**.

På samlinga er det song, bibelforteljing, enkel bevertning, lita utloddning og ein praktisk aktivitet.

Der lagar vi ting som kan takast med heim, eller som blir brukt på basaren som blir arrangert ein gong i året til inntekt for barnas misjonsprosjekt.

**Yngres** er eit tilbod for unge frå 7. klasse og oppover, der ein ynskjer å skape eit positivt miljø med ymse aktivitetar, og der kristen tru og haldningar blir formidla.

På samlingane vert det ein andakt, og det er sal av pølser og brus. Resten av kvelden går med til prat, konkurran-

sar, spel og ymse leikar. **Samlingane er på fredagar fra kl. 20.30 til 22.30.** Det blir annankvar fredag så langt det høver, og det blir kunngjort med oppslag på sosiale media.

*Ingolf Wergeland*

## **Brekke kyrkje inn i ei ny tid**

I Brekke kyrkje sit vi ikkje godt. Det har i lang tid vore sagt at det må gjerast noko med benkene.

Men vi får ikkje benkene gode uansett kva vi gjer, så no ynskjer vi å byte dei ut med stolar.

Dette vil også gjere kyrkjerommet meir fleksibelt.

Ein er ikkje bundne til alltid å la stolane stå på rekke slik benkene gjer. Ein kan t.d. ha dei fremste stolane vende mot midtgangen i gravferder. Når vi har kyrkjekaffi, kan vi slå opp bord bakarst i kyrkja.

Ved mindre samlingar kan vi ha stolar berre framme.

Kyrkjelyden blir heller ikkje så inne-stengde i kyrkjebenkene, der særleg ungar blir gjymde bak dei høge benkeryggane.

Fjerning av benkene gjer det også mogeleg å isolere golvet. Der har vi i dag eit stort varmetap.

Samtidig vil vi lage ei meir universell utforming, der vi bygger opp det nedsenka partiet i midtgangen, så golvet blir flatt.

Det er også tenkt rullestolrampe opp til koret. Røyrovnane på golvet må

naturleg nok fjernast, og vi vil erstatte dei med meir energieffektive løysingar.

Vi må også få inn betre lyd- og lys-anlegg.

Og i alt dette arbeidet må vi ta omsyn til tradisjonane og vise respekt for det som er gjort før.

Gulen kyrkjelege fellesråd har fått Ryland Bygg til å utarbeide prosjektnotat og skisse til løysingar på dei forskjellige områda.

Vidare vil vi ha eit forprosjekt i 2022, med tanke på å foreslå ombygginga på kommunen sitt budsjett for 2023.

Før den tid må det arbeidast vidare med planane, så alle detaljar kjem på plass.

Vi ser føre oss ei eller fleire grupper som kan gå i detaljar på dei forskjellige områda, bygging, varme, lyd og lys, kva stolar vi skal velje, og ikkje minst, kva fargar vi skal velje på dei nye elementa.

Dette må også godkjennast av biskopen.

Vi må også arbeide vidare med finansieringa.

Heile ombygginga har ein førebels kalkyle på opp under to millionar. Over halvparten av dette er interiør, stolar og lys, og varme.


Vi må rekne med å ta ein del av kostnadene med dugnadsarbeid og gaver.

Soknet sin innsats vil vere avgjerande for om prosjektet let seg realisere.

Kyrkja vil bli stengd i byggeperioden, ut frå erfaring med Hyllestad kyrkje kan det ta ca. eit halvt år.

Her ser vi korleis Jostein Ryland tenkjer seg ei mogleg løysing.

### Kåre Krakhella





## Nytt frå Alværa

2021 har vore eit stille år for Alværa. Koronaen har gjort det vanskeleg med overnattingsarrangement store delar av året.

På grunn av mykje uvisse, er det også mange som ikkje har våga å satse på leir, week-end eller familieselskap. Men med gjenopning av samfunnet er vi på nytt optimistar.

Oktober ser svært bra ut. Då skal det vere to konfirmantleirar, éin speidar-week-end og NMSU-leir i haustferien. I tillegg skal Bjørgvin bispedømme ha to konfirmantdagar – Saman i konfirmanttida – på Alværa, der m.a. Farmenpresten Thor Haavik skal vere med.

19. oktober samlast konfirmantane frå Høyanger og Hyllestad kommunar. Neste dag er det Fjaler- og Askvollkonfirmantane som tar turen til Alværa.

I november er det også nokre arrangement, men det er framleis ledige helger, så viss du planlegg seminar, familiesamling eller week-end og er på leit etter ein stad å vere, så ta kontakt på mobil 489 90 661, eller epost: [alvera@nms.no](mailto:alvera@nms.no).

## Adventsfest på Alværa, fredag 03.12. kl. 17.30.

Den årlege adventsfesten er som vanleg fredag før 2. søndag i advent. På programmet er det middag med pinnekjøt. Det vert også kaffi og kaker, kveldstankar, song, åresal og mykje prat. Meir informasjon kjem seinare.

Sjå facebooksida til Alværa Misjons-senter.

*Toril Lange*



## Haustattakkefest

Hausten er ei flott tid. Den varme og fine sommaren har gjort årets grøde ekstra fargerik – berre sjå på plommetafet ovanfor – reine kunstverket!

I kyrkjene våre feirar vi haustattakkefest kvart år, i år på desse datoane:

**Gulen kyrkje: 10. oktober kl. 11.00**  
v/Ola Johannes Jordal.

**Mjømna kyrkje: 17. oktober kl. 11.00**  
v/Per Børge Hillestad. Her blir også Tårnagentane med.

## **Brekke kyrkje: 24. oktober kl. 11.00**

v/Per Børge Hillestad. Her blir det òg «Lys vaken», og offer til «Sprell levande».

På takkefestgudstenestene blir det òg delt ut «Mi kyrkjebok» til 4- og 6-åringane, som vil få skriftleg invitasjon.

## **Velkommen til hausttakkefest!**



## **Helgemesse**

Det blir allehelgensgudstenste/helgemesse i kyrkjene våre desse datoane:  
**Gulen kyrkje: 7. 11. kl. 11.00.**

**Mjømna kyrkje 7.11. kl. 16.00.**

**Brekke kyrkje 14.11. kl. 11.00.**

Det blir sendt ut skriftleg invitasjon til dei som har stått som ansvarlege for ei gravferd i Gulen kommune det siste året.

Prest ved allehelgensgudstenestene er Per Børge Hillestad.

Namnet Allehelgensdag/Helgemesse seier oss at det dreiar seg om helgenar. Men det er også ein minnedag for dei døde.

Minnemarkeringar for dei døde er blant dei eldste kristne skikkane.

I oldkyrkja gjaldt dette først og fremst martyrane, dei som blei drepne for kristentrua si. Men etter kvart som forfølgingane av dei kristne tok slutt,

vart det minnemarkeringar også for andre kristne som hadde levd eit forbileteleg liv. Også dei blei kalla helgenar.

Mange helgenar har sin eigen minnedag. I Den norske kyrkja feirar vi tre slike helgendagar, nemleg Stefanus (den første av martyrene), Olav den heilage, og dobbelfeiringa av apostlane Peter og Paulus. Men i tillegg til dei som fekk sin eigen dag, oppstod det eit behov for ein eigen minnedag for alle dei namnlause kristne som gjennom liv og/eller død hadde vist seg som forbilete. Frå slutten av 700-talet blei denne dagen sett til 1. november, og den er blant dei største festdagane i kyrkjeåret. Frå 1770 blei dagen lagd til første søndag i november. Framleis er det ei feiring av helgenane, og den liturgiske fargen er kvit, som er festfargen.

Feiringa skal markere det kristne håpet om oppstoda.

### **Ein viktig minnedag**

Denne dagen er for mange ein viktig minnedag, der dei minnest sine kjære. Dei siste tiåra er det blitt stadig meir vanleg å tenne lys på gravene, og dei fleste kyrkjer har ei form for minnemarkering.

Det blir ei markering av at fellesskapen i kyrkja består både av dei som lever i dag, og av dei som er døde i det kristne håpet om evig liv.

(Kjelde: Den norske kyrkja)

# JULEKONSERTAR:

## «Jul i gamle dagar»

Berit Håpoldøy og Claus Sellevold kjem til Gulen med eit program som dei kallar «Jul i gamle dagar». Programmet omfattar både gode gamle julesongar, opplesing, og songar du kan vere med på.

**Gulen kyrkje: Onsdag 8. desember kl.19.00.**

**Brekke kyrkje: Torsdag 9. desember kl. 19.00.**

## Lokale julekonsertar:



Frå ein tidlegare julekonsert i Brekke kyrkje.  
Arkivfoto: Kjell Solheim

Vi veit at det blir arbeidd med å få til lokale konserter i dei ulike krinsane. Det er sett ein dato for konserten i Gulen kyrkje: søndag 19. desember kl. 16.00, men for dei andre kyrkjene har vi enno ikkje fått noko tidspunkt. Nærare kunngjering kjem etter kvart, så her er det berre å følgje med. Vi er veldig glade for at ting har normalisert seg, slik at vi igjen kan planlegge arrangement omtrent som før.

## Ei varm takk

Ei varm takk for all omtanke, deltaking, blomsterhelsingar, kransar og bårebukettar ved vår kjære mor, Else Johanne Indrebø sin bortgang. Ei stor takk til alle dei som gav pengegåver til Gulen sjukeheim avd. Diamanten.

*Helsing Freddy, Ole, Kjell og Hans m/familiar*

## Takk

Takk til alle som var med i gravferda til Trygve Baldersheim Virkesdal. Takk til prest Per Børge Hillestad for ei fin stund i kyrkja, og takk til Kjersti Wiik for fin song. Takk til Sunnfjord gravferdsbyrå v/Anne Overdevest for fantastisk god hjelp.

Takk for helsingar og omtanke til heimane, og takk til alle som har gitt gåver til Dalsøyra samfunnshus.

Takk til Dalsøyra bu- og omsorgssenter for god omsorg dei siste åra.

*Helsing Sigrun, Aud-Helen, Agnes og Siv Tone m/fam.*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omtanke, deltaking og blomsterhelsingar, kransar og bårebukettar ved Bernt Per Austgulen sin bortgang. Takk til prest Bjørn Magne Hansen for gode ord, og takk til Tord Kalvenes for fin song.

Takk for minnegåver til kreftforeningen.

*Berit Austgulen m/fam.*

## Hjarteleg takk

Vil med dette takke for all omtanke og gode ord, helsingar, blomster, kransar og bukettar som me fekk i høve vår kjære Brita Haugland sin bortgang. Takk til musikantar, songarane Camilla og Ole Merkesvik Ådland for vakker song, og takk til alle som deltok i gravferda. Og ikkje minst, takk til Per Børge Hillestad som gav oss ei fin stund i kyrkja.

*Med venleg helsing Ivar S. Haugland og borna med familiar*



## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### GULEN SOKN:

**01.08.21:** Sofia Nordal Ruud.  
For.: Stine Nordal og Kjetil Ruud.  
Busette i Gaupne.  
**15.08.21:** Tiril Eide. For.: Ida og Øyvind Eide. Døypt i Frøyset kyrkje.  
**15.08.21:** Maja Eide. For.: Ida og Øyvind Eide. Døypt i Frøyset kyrkje.  
**29.08.21:** Lars-Georg Samuelsen.  
For.: Kari Hella Furnes og Cato Furnes.

**19.09.21:** Oline-Margrete Hella Eggum. For.: Karianne Hella og Jon Magne Gravdal Eggum.

### Vigde:

#### GULEN SOKN:

**21.08.21:** Jette Helen Braathen Fagerbakke og David Teigen. Busette i Bergen.

#### MJØMNA SOKN:

**10.07.21:** Gro Serine Baarøy og Kristian Skjelanger Kvinge.

**17.07.21:** Elisabeth Napsøy og Anders Birknes Indrebø.

### Døde:

#### BREKKE SOKN:

**12.08.21:** Brita Haugland, f. 1942.

#### MJØMNA SOKN:

27.08.21: Gjert Sigfred Birknes, f. 1937.

#### GULEN SOKN:

**05.08.21:** Bernt Per Austgulen, f. 1943.

**21.08.21:** Trygve Virkesdal, f. 1924.

**27.08.21:** Edvard Birger Leiv Tveit, f. 1933.

**06.09.21:** Hagnar Breidvik, f. 1945.

## Kyrkjekalenderen



*NB!! Det kan bli endringar i den oppsette gudstenestelista. Følg med i avisar, på oppslag og på nett: [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no) og på Facebook: kyrkjaigulen*

**10.10., 20. søndag i treeiningstida:**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Ola Johannes Jordal.** Hausifikkefest. Utdeling av bøker. Offer: Blå Kors. Dåp.

**17.10.**, 21. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker. Tårnagent. Offer: Norsk Gideon. Dåp.

**24.10.**, 22. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker. «Lys vaken». Offer: Sprell levende. Dåp.

**31.10.**: Ikkje gudsteneste.

**07.11.**, Allehelgenssøndag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Allehelgensgudsteneste. Offer: Changemaker.

**07.11.**, Allehelgenssøndag:  
**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Allehelgensgudsteneste. Offer: Rådet for psykisk helse.

**14.11.**, 25. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Allehelgensgudsteneste. Offer: Misjonærprosjektet i Mali.

**21.11.**, Domssøndag/Kristi kongedag:  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Lysmesse. Offer: Søndags-skuleforbundet.

**28.11.**, 1. søndag i adventstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Stiftelsen Barnevakten.

**05.12.**: Ikkje gudsteneste i kommunen.

**12.12.**, 3. søndag i adventstida:  
**Brekke bu- og omsorgssenter kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad.

**12.12.**, 3. søndag i adventstida:  
**Risnehall kl. 13.00:** Adventsverkstad. **Kl. 15.00:** Gudsteneste v/Per Børge Hillestad.

**19.12.**, 4. søndag i adventstida:  
**Gulen sjukeheim kl. 11.00.**

**24.12.**: Julaftan:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens bymisjon.

**24.12.**: Julaftan:  
**Brekke kyrkje kl. 13.30** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12.**: Julaftan:  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Nødhjelp.

**25.12.**: Juledag:  
**Gulen kyrkje kl. 12.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**26.12.**: Andre juledag:  
**Byrknes bedehus kl. 11.00.**  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**31.12.**: Nyttårsaftan:  
**Brekke kyrkje kl. 23.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Redd Barna.



Foto: Sølvi Randal